



Arkivnr: 2015/7064-9

Saksbehandlar: Marit Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2016

## Regional planstrategi 2016-2020 - vedtak av høyringsforslag

### Samandrag

Regional planstrategi er ein viktig reiskap for å fremja felles utviklingsmål for Hordalandssamfunnet. Planstrategien skal reviderast minst ein gong i valperioden og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av fylkestinget.

Planstrategien set langsiktige mål for utvikling i fylket. På bakgrunn av aktuelle utviklingstrekk og utfordringar fastset strategien hovudmål for dei nærmaste åra og strategiar for korleis ein skal arbeida for å oppnå måla. Planbehovet i fireårsperioden blir drøfta og fastsett i høve til hovudmåla og strategiane.

Strategiarbeidet har vore organisert med fylkesutvalet som styringsgruppe. Arbeidet starta formelt i fylkesutvalet 18.november 2015. Fylkesutvalet oppretta ei samrådsgruppe som har vore samansett av fylkesordførar, gruppeleiar i fylkesutvalet, leiarane i fagutvala i fylkeskommunen og ordførarar frå kvar region samt byrådsleiar i Bergen. Fylkestinget 8. og 9. mars blei ein viktig samrådsarena der alle ordførarane og ei rekke statlege organ og sentrale organisasjonar også var representert. I tillegg har det vore konsultasjonsmøte med regionalt næringsforum og fleire rådsorgan på regionalt nivå samt ungdommens fylkesting. Arbeidet har administrativt vore leia og gjennomført av fylkeskommunen med representantar frå alle avdelingar.

Det er foreslått følgjande langsiktige mål:

- Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande

Det blir foreslått fire hovudmål som stør opp under dei langsiktige måla og er spissa mot felles oppfatning av hovudutfordringar i planperioden. Dei fire hovudmåla er:

- Høg sysselsetjing - som tek tak i utfordringane som fylgje av endringane i oljesektoren.
- Eit inkluderande samfunn - som møter utfordringane med alle som fell utanfor skule, arbeidsliv og lokalsamfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling - som møter klimaendringane og arealpresset
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion - som tek utfordringa med å byggje ein framtidsretta vestlandsregion for å skapa betre balanse nasjonalt mellom landsdelane

Det har vore eit mål å prioritera og spissa planoppgåvene til dei viktigaste utfordringane og strategiane. I perioden 2016-2020 er det lagt opp til å arbeida med 7 planar, anten nye eller som revisjon av eksisterande. Det er foreslått å utfasa ei rekke planar og leggja vekt på gjennomføring av dei resterande vedtekne planane.

I den nyleg framlagde stortingmeldinga om regionalt nivå - St.meld 22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioner – rolle struktur og oppgaver - blir det peikt på fylkeskommunens planansvar som svært viktig for å fylle oppgåva som samfunnsutviklar. I føringar for regional planlegging i strategien blir det gitt nokre retningsliner for vidare regional planlegging som er meint å styrke planarbeidet. Det vil bli arbeidd vidare med dette med sikte på å utvikle meir konkrete retningsliner fram mot fylkestingets vedtak i desember.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 7-1 forslag til regional planstrategi for perioden 2016-2020
2. Fylkesutvalet fastset høyringsperioden til 1.juni– 15.september 2016.
3. Tilråding om endeleg planstrategi skal handsamast i alle fagutvala før slutthandsaming i fylkestinget i desember.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Vedlegg:

Utviklingstrekk i Hordaland – AUD-rapport nr. 2 – 16  
Utfordringar for Hordaland – samling av innspel til strategiprosessen  
Høyringsforslag – Regional planstrategi – «Utviklingsplan for Hordaland»

## Fylkesrådmannen, 02.05.2016

### 1.Bakgrunn

#### Føremål

Regional planstrategi er ein viktig reiskap for regionalt politisk leiarskap i fylket. Hordaland fylkeskommune vil gjennom regional planstrategi ta ei leiarrolle for å utvikla felles mål for utviklinga i fylket. Strategien skal fremja heilskapleg planlegging og samordning av sektorar og forvaltningsnivå. Dette kan sikra betre mål og resultatoppnåing og tilpassing til dei unike utfordringane i Hordaland. Strategien påverkar dagsordenen og prioriteringar dei neste fire åra i fylket.

Føremålet med strategien er å fremje berekraftig utvikling i Hordaland til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Regional planstrategi er eit obligatorisk planarbeid i alle fylke og skal utarbeidast minst ein gong i kvar valperiode og seinast eitt år etter konstituering av nytt fylkesting. Planen er heimla i Plan- og bygningslova § 7 og skal vedtas av fylkestinget. Strategien skal gjera greie for utviklingstrekk i fylket og synleggjera utfordringar og muligheter. På bakgrunn av denne kunnskapen fastset planstrategien langsiktige utviklingsmål og kva planar som skal arbeidast med i perioden for å møte utfordringar og oppnå måla. Planstrategien skal leggjast til grunn for fylkeskommunens vidare planarbeid, og for stat og kommune sitt planarbeid i regionen.

Fylkesutvalet i eigenskap av planutval i Hordaland fylkeskommune starta opp revisjonsarbeidet i møte 18.november 2015. I vedtaket blei organiseringa av planarbeidet og framdrift fastsett.

Fylkesutvalet fatta slikt einstemmige vedtak:

1. *Fylkesutvalet startar opp arbeidet med Regional planstrategi for 2016-2020 med fylkesutvalet som styringsgruppe.*

2. *Fylkesutvalet etablerer ei samrådsgruppe for planarbeidet samansett slik:*

*Fylkesordførar, opposisjonsleiar og utvalsleiarane*

*Fylkesmannen i Hordaland*

*Bergen kommune, byrådsleiar*

*Representant for kvart av regionråda i Hardanger, Sunnhordland, Nordhordland og region Vest*

*Samrådsgruppa kan supplerast med representantar for regionale statlege organ etter behov.*

Fylkesutvalet får no eit høyringsforslag til handsaming. Fylkesutvalet vil få saka på nytt etter høyringa og gje innstilling til fylkestinget om endeleg planstrategi.

#### Organisering

Fylkesutvalet er styringsgruppe for planarbeidet. Representantar for styringsgruppa har deltatt i samrådsgruppa for planarbeidet. Heile fylkestinget har vore invitert til eit utvida samråd som lekk i planarbeidet

Fylkesutvalet vedtok å oppretta ei samrådsgruppe for arbeidet med opposisjonsleiar, leiarane for fagutvala i fylkeskommunen, ein ordførar for kvar region oppnemnt av regionråda og ein representant for Fylkesmannen i Hordaland. Samrådsgruppa har vore samansett slik:

- Anne Gine Hestetun, fylkesordførar, leiar
- Mona Røsvik Strømme, gruppeleiar ,fylkesutvalet
- Emil Gadolin, leiar utval for opplæring og helse
- Beate Husa, leiar utval for kultur, idrett og regional utvikling
- Nils Bjørke, leiar utval for miljø og samferdsel

- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann, Fylkesmannen i Hordaland
- Odd Harald Hovland, ordførar Bømlo kommune, representant for Sunnhordland
- Karstein Totland, ordførar Masfjorden kommune, representant for Nordhordland
- Jostein Ljones, ordførar Kvam kommune, representant for Hardanger
- Børge Haugetun, ordførar Øygarden kommune, representant for kommunane i Vest
- Atle Kvåle, ordførar Fusa kommune, representant for kommunane rundt Bergen
- Harald Schjelderup, byrådsleiar i Bergen, representant for Bergen kommune

## **2.Prosess og medverknad**

### Førebuing

Arbeidet med å førebu ny regional planstrategi starta alt medio 2015. Det blei gjennomført ei kartlegging av planarbeid internt i Hordaland fylkeskommune der ein vurderte revisjonsbehov og behov for endring av plansystem og metode.

Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging blei vedtatt ved kongeleg resolusjon 12.juni 2015 og innehold tre hovudpunkt: Gode og effektive planprosessar, Berekraftig areal- og samfunnsutvikling og Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde. Desse skal fylgjast opp i regional planstrategi. Fylkesmannen i Hordaland har gitt sin vurdering av prioriterte temaområde og planar i brev av 11.august 2015.

Utarbeidning av ein kunnskapsoversikt over folkehelsa i Hordaland er ein del av fylkeskommunens lovpålagnede ansvar. Rapporten er eit grunnlagsdokument for utarbeidning av planstrategien og er tatt omsyn til ved utforming av mål og strategiar.

For nærmare omtale av førebuingsarbeidet visast til sak til fylkesutvalet 18.november 2015.

### Rapport om utviklingstrekk

Arbeidet med å beskrive viktige utviklingstrekk blei også starta opp tidleg og koordinert med arbeidet med kunnskapsgrunnlag for folkehelse. Rapport om utviklingstrekk blei ferdigstilt i februar 2016 og formidla til alle relevante instansar internt og eksternt. Rapporten er også formidla via internetsidene til fylkeskommunen og tilgjengeleg for alle. Rapporten er ei samling av statistikk og faktaopplysningar om sentrale nøkkeltal for Hordaland. Rapporten har fylgjande hovudtema bygd rundt berekraftomgrepene:

- Befolking
- Økonomisk utvikling
- Sosial og kulturell utvikling
- Miljø- og naturressursar
- 

Rapporten er vedlagt.

### Rapport om utfordringar

Arbeidet med å beskrive viktige utfordringar og muligheter starta hausten 2015. I ei arbeidssøkt for heile regionalavdelinga blei det gjort ein SWOT-analyse av Hordaland ut i frå eit berekraftperspektiv. Denne analysen blei brukt i eit samrådsmøte med ei rekke statlege organ, kommunar og sektorar 4.september 2015. Møtet blei oppsummert i hovudutfordringane for Hordaland. Samrådsgruppa har i sine møte bearbeidd og spissa dette vidare og oppsummert med fylgjande hovudutfordringar.

- Eit meir inkluderande Hordaland
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Ein sterk Vestlandsregion

Rapporten er vedlagt.

### Ekstern medverknad

Samrådsgruppa har på bakgrunn av utviklingstrekk og utfordringar drøfta forslag til langsigktige mål og hovudmål.

Fylkestinget 8. og 9.mars blei ein viktig arena for medverknad for Hordalandssamfunnet. Alle ordførarane var invitert til ei samling 8.mars for å koma med innspel om utfordringar og strategiar sett frå deira lokale perspektiv. På dag to av fylkestinget 9.mars var ei rekke statlege organ, organisasjonar og verksemder også invitert. Utfordringane blei presentert i plenum og det var høve til kommentarar frå alle. Bergen kommune og fylkesmannen i Hordaland samt Ungdommens fylkesting fekk høve til å koma med sine innspel. Utvalsliearane i fylkeskommunen hadde sluttcommentarar. Vurdert ut i frå dei mange gode innspela og kommentarane må denne samlinga karakteriserast som svært nyttig.

På bakgrunn av innspela under fylkestingssamlinga drøfta samrådsgruppa vidare strategiar for Hordaland og planbehov som følgje av dette. Det har vore eit ynskje om konsentrasjon om færre planar og større vekt på gjennomføring av planane. Arbeidet i samrådsgruppa har vore prega av god oppslutning og konstruktive drøftingar.

I tillegg til samrådsgruppa og fylkestingssamlinga har det vore bilaterale konsultasjonsmøt med utvalde eksterne organisasjonar.

Det har vore konsultasjonsmøte med

- Regionalt næringsforum
- Regionrådssekretariata – kontaktutval
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne(fylkessamling)
- Eldrerådet i Hordaland
- Det felles innvandrarrådet i Hordaland/kontaktutvalet mellom styresmakter og innvandrar/BIKS

Ungdommens fylkesting i Hordaland har gjennomført ei spørjeundersøking med ein digital framtidssverkstad.

### Regionalt planforum

Regionalt planforum drøfta eit utkast til strategi i møte 26.april. Forumet er samansett av ei rekke statlege og fylkeskommunale sektororgan. Hovudintrykket frå møtet er ei positiv oppslutning til forslaget slik det låg føre. På same dag blei også utkast til strategi for Bergen kommune presentert. Det viser seg å vera godt samsvar mellom utfordringane sett frå Bergen kommune og frå fylkesnivået. Dette gir grunnlag for større grad av måloppnåing.

### Om medverknad frå kommunane

Medverknad frå kommunane er vektlagt i prosessen heilt frå førebuingsarbeidet. Medverknaden har vore både administrativ og politisk. Kunnskapsgrunnlag og utfordringsdokument er formidla til kommunane med sikte på samordning i høve til kommunale planstrategiar. Fylkeskommunen har sendt eige brev om synspunkt frå fylkeskommunen til kommunale planstrategiar. Kommunane har vore prioritert både i samrådsgruppa og i høve til utvida samråd i fylkestinget. Grunnlaget for stor grad av felles oppfatningar og felles mål for Hordaland bør derfor vera lagt.

### Intern medverknad og arbeid i fylkeskommunen

Det administrative arbeidet med planstrategien er leia av fylkesrådmannen med toppleiargruppa som referansegruppe. Det daglege arbeidet er leia av fylkesdirektør for regional utvikling. Ein kontaktperson frå kvar avdeling og seksjon i regionalavdelinga har bidratt med innspel, informasjonsflyt og kvalitetssikring av arbeidet. Arbeidet har hatt eigen prosjekteiar og ei prosjektgruppe med plansjef, programsjef for førebudd på framtida og regioneldirketør. Analyseeininga i fylkeskommunen har bidratt med statistikk og anna kunnskapsgrunnlag. Det er ikkje nytta ekstern konsulentbistand.

Arbeidet med å utvikla ein verksemdstrategi for fylkeskommunen har pågått parallelt med planstrategiarbeidet. Verksemdstrategien er eit viktig bidrag inn i regional planstrategi og vil, når regional planstrategi er vedtatt, bli justert dersom det er naudsynt.

Det er sendt ut informasjonsskriv om arbeidet og oppretta eiga nettside med laupande oppdatering på [www.hordaland.no/regionalplanstrategi](http://www.hordaland.no/regionalplanstrategi).

Eit forslag til planstrategi er no utarbeidd på bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget, prosessen eksternt og drøftingar i samrådsgruppa og vedlagt.

### **3. Forslag til mål og strategiar**

Ei lovendring har gjort at regional planstrategi no også skal innehalde langsiktige mål for utviklinga i fylket. I denne tredje strategien for Hordaland er det derfor lagt vekt på å utforme mål som peikar ut ein langsiktig kurs, og hovudmål som på bakgrunn av meir dagsaktuelle utfordringane for denne fire års perioden.

Det er foreslått følgjande langsiktige mål:

- Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande

Berekraftomgrepet er nedfelt i planverket og relaterast til allment aksepterte konkretiseringar av dette. Attraktivt vil relaterast til både busetjing, næringsutvikling og besøk. Nyskapande vil innebera ein permanent utviklingsorientering innan alle delar av samfunnet.

Hovudmåla står opp under dei langsiktige måla og er spissa mot felles oppfatning av hovudutfordringar. Dei fire hovudmåla er:

- Høg sysselsetjing - som tek tak i utfordringane som følgje av endringane i oljesektoren.
- Eit inkluderande samfunn - som møter utfordringane med alle som fell utanfor skule, arbeidsliv og lokalsamfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling - som møter klimaendringane og arealpresset
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion - som tek utfordringa med å byggje ein framtidsretta vestlandsregion for å skapa betre balanse nasjonalt mellom landsdelane

Det er utvikla strategiar for alle fire hovudmåla. Kvart hovudmål er også omtalt i ein meir detaljert skildring av utviklingsretning. For meir detaljert omtale av strategiar og utviklingsretning visast til sjølve strategiforslaget.

For kvart hovudmål er det vurdert planbehov. Det er tatt utgangspunkt i eksisterande planar og gjennomføring av desse, revisjonsbehov for planar og behov for nye planar. Ei samla framstilling av trond for regionale planar er gjort i eige kapittel i strategien.

### **4. Forslag til planoppgåver i perioden 2016-2020**

#### Regionreforma og regional planlegging

I stortingsmeldinga om det regionale nivå som blei lagt fram i april i år - St.meld 22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioner – rolle struktur og oppgaver- er fylkeskommunen som samfunnsutviklar og planleggjar sterkt vektlagt. Regional planlegging blir omtalt som ein viktig reiskap for samordning og utvikling i fylket. Fylkeskommunen blir oppmoda til i enda sterkare grad å nytta dei verkemidla som ligg i regional planlegging. Det blir også foreslått å styrke regional planlegging ved å kople denne til statlege

planprosessar som KVU-arbeid og verneplanarbeid. Regional planlegging kan bidra til å effektivisere planprosessar generelt.

Regjeringa vil vurdera eit nytt system med utviklingsavtalar knytt til regionale planar og fremje ein mykje meir strukturert dialog mellom nasjonalt nivå og regionalt nivå i tilknyting til planarbeid. Dersom det blir oppretta større regionar, vil regjeringa vurdera ytterlegare styrking av regional planlegging som verktøy for samordning og utvikling. Dette er eit bakteppe som er nyttig for å vurdera planbehovet vidare og vektlegging av planoppgåver i fylkeskommunen.

#### Føringar for regional planlegging

Føresetnaden for at regional planlegging skal fungera godt er at fylkeskommunen har eitt velfungerande planregime. Med planregime meinast eit plansystem som verkar samordnande på tvers av sektorar.

Tydelege prioriteringar og effektive og samlande planprosessar gir grunnlag for god gjennomføring. Det betyr at det må vera gode kopplingar mellom planstrategi, langsiktige regionale planar og sektorplanar. Den årlege oppfølginga må vera synleggjort i samband med budsjett og i arbeidsplanar i administrasjonen.

Dette er forhold som vil bli arbeidd med som oppfølging av planstrategien, men nokre klargjeringar kan alt gjerast i denne saka og går også fram av planstrategien. I denne planstrategien blir følgjande føringar gitt:

Planstrategien fastset at alle nye planar skal leggja til grunn langsiktige mål, hovudmål og strategiar i regional planstrategi 2016-2020 og innarbeida desse så langt det er relevant. Det same gjeld ved revisjon av planar og handlingsprogram.

Regional plan for klima og energi og regional plan for folkehelse er tverrsektorielle planar som alltid er relevante å vurdere i andre regionale planar og sektorplanar. Ved oppstart av planarbeid skal alle regionale planar vurderast med omsyn til trong for samordning mellom planar.

Sektorplanar og temaplanar/strategiar skal vera forankra i regional plan eller regional planstrategi.

I det vidare arbeidet og fram mot fylkestingets vedtak blir det lagt opp til å vidareutvikla retningsliner innafor fleire tema. I opplistinga under er ei skisse til slike retningsliner presentert:

#### Tidsperspektiv og revidering

*Regionale planar med heimel i plan- og bygningslova skal ha eit tidsperspektiv på minimum 12 år frå vedtaksåret. Alle planar skal ha eit grovmaska handlingsprogram som del av planen og som vedtas samtidig med planen i fylkestinget. Handlingsprogrammet skal konkretiserast nærmare for fire år om gongen og vedtas av fylkesutvalet etter tilråding frå utval som har ansvar for oppfølging av planen.*

*Handlingsprogrammet skal vera realistisk og bør reviderast minst ein gong i kvar valbolk.*

*Den årlege aktiviteten skal synleggjerast i kvart årsbudsjett som vedtas av fylkestinget og i lokale verksemndplanar som vedtas administrativt.*

#### Organisering og medverknad

*Alt planarbeid skal leggja til rette for medverknad frå Hordalandssamfunnet. Medverknad i planarbeidet skal fastsetjast i planprogrammet eller i oppstartsak for sektorplanar/strategiar gjennom vedtak i fylkesutvalet. Eit politisk utval i fylkeskommunen skal normalt vera styringsgruppe. Saksordførar skal veljast frå styringsgruppa.*

*Det skal oppretta samrådsgruppe med representantar for styringsgruppa og relevante eksterne organ. I tillegg kan det oppretta arbeidsgrupper for avgrensa oppgåver eller tema. Kommunane, fylkesmannen, ungdomens fylkesting og andre særlege råd oppretta for regionalt nivå er spesielt relevant som deltagarar i medverknadsprosessar. Brukargrupper og iverksetjingsorgan skal ha særleg merksemd i planprosessane.*

### Gjennomføring og rapportering

*Alle planar skal ha eit tydeleg gjennomføringsansvar i eit politisk utval og i administrasjonen. Så langt det er tenleg skal det utviklast resultatindikatorar for kvar plan etter vedtak og fastsetjast rapporteringsrutinar i samband med vedtak av plan.*

### Innhald

*Nye planar skal fastsetje mål og ha tiltak i eit handlingsprogram. Planane kan ha visjon, strategiar/satsingsområde, retningsliner/føresegner og kartdel dersom det er relevant. Tiltak skal vera tidsavgrensa aktivitet som kjem i tillegg til ordinær aktivitet og drift. Overlapping mellom planar skal unngåast.*

*Det skal gå fram av namnet på planen kva type plan det er tale om. Berre planar som er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova skal namngjes som regional plan. Andre planar skal namngjes som plan for... eller strategi for ....*

Fylkesrådmannen vi koma attende til dette før fylkestingets endelege vedtak av planstrategi.

### Planoppgåver 2016-2020

Regional planlegging er langsiktig og resultat er avhengig av at ein klarer å halda ein fast kurs over lengre tid. Planarbeid tilstrekkebart difor konsensus i mål og retning. Samstundes endrar utfordringane seg og det vil vera trond for revisjon av planar. Nokre tema er meir utsett for raske skifte, andre meir stabile. Regional planstrategi er eit høve til å vurdera om det er trond for revisjon av planar og om planar ikkje lenger er relevante.

Trongen for planlegging er avhengig av kva utfordringane ein står framfor og i kva grad planlegging er verktøy for å løyse desse. Sjølv om planlegging er ressurskrevjande vil god planlegging også kunne vera ressursbesparande gjennom samordning, synergieffektar og førebygging. Planlegging skapar også føreseielege rammer for ulike aktørar.

I denne planstrategien er det lagt vekt på prioritering og spissing av satsingsområde. Det er lagt vekt på å samle ulike sektortema i ein felles plan dersom mogeleg. Færre tal plan kan gje enklare formidling og meir ressursar til gjennomføring. Dette vil på lang sikt styrke planlegging som verktøy.

Gjennomgangen av planbehov i planstrategien viser fylgjande behov for regional planlegging i perioden 2016-2020.

Navn	Ny	Revisjon	Utval	Organisasjon	Merknad
Regional næringsplan		X	FUV	Regional	
Regional plan for kompetanse og arbeid	X		FUV	Regional/Opplæring	Planprogram vedtatt
Regional transportplan		X	MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt
Regional plan ferjeleie Kvinnherad- Stord	X		MISA	Samferdsel	Avventar politisk handsaming i mai
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		MISA	Samferdsel	Planprogram vedtatt - avvente regjeringa si handsaming av KVU
Regional klima- og energiplan		X	FUV	Regional	
Regional plan for vassregion Hordaland		X	KIRU	Regional	Statleg pålagt revisjon
Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		KIRU	Regional	Vedtatt i førre strategi
Regional plan for Hardangervidda		X	KIRU	Regional	Tilrådd oppstart i alle fylke , enkel revisjon

Regional plan for areal og transport i Bergensområdet, regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger og regional plan for areal og transport på Haugalandet er venta vedtatt innan fylkestinget i desember 2016.

### Vidareføring og utfasing

Regionale planar er retningsgjevande for fylkeskommunen, statleg regionale organ og kommunane. Det er derfor viktig å vera tydeleg om kva planar som gjeld og som det skal tas omsyn til. I planstrategien er det også naturleg å synleggjere kva planar som vidareførast utan revisjon og kva planar som ikkje lenger er relevante. Fylgjande planar utfasast eller erstattast komande periode.

Namn	Ny	Utval	Organisasjon	Merknad
Regional transportplan for Hordaland 2013-2024	2012	MISA	Samferdsel	Erstattast
Regional plan for museum 2011-2015	2011	KIRU	Kultur- og idrett	Utfases
Forvaltningsplan for vassregion Hordaland	2009	FUV	Regional	Erstattast
Fylkesplan for Hordaland 2005-2008	2005	FUV	Regional	Erstattast
Fylkesdelplan for Sunnhordland	2005	FUV	Regional	Utfases
Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet	2004	FUV	Regional	Erstattast
Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland	2001	FUV	Regional	Erstattast
Fylkesdelplan for E 39 Stord – Bergen	2000	MISA	Samferdsel	Utfasast
Fylkesdelplan for kulturminne 1999-20110	1999	KIRU	Kultur- og idrett	Erstattast
Hamneplan for Hordaland 2004-2013	1999	MISA	Samferdsel	Utfasast

Fullstendig oversyn over planar som fortsatt gjeld er vist i vedlegg til planstrategien.

### Sektorplanar og – strategiar

Regionale planar etter plan- og bygningslova samverkar med sektorplanar og strategiar som vedtas i fylkeskommunen. Det er derfor viktig å sjå desse i samanheng. Nokre sektorplanar er derfor drøfta i samband med planbehov under kvart hovudtema. I vedlegg til planstrategien er det gitt eit oversyn over sektorplanar som gjeld, skal reviderast eller utarbeidast i perioden.

### **5. Vidare framdrift, høyring og vedtak**

Fylkesutvalet skal no vedta eit høyringsforslag for Regional planstrategi. Høyringsperioden er minimum 6 veker etter plan- og bygningslova. Sidan høyringsperioden fell i sommarferien er det naturleg å forlenga denne, særleg av omsyn til politisk handsaming i kommunane. Siktemålet er å senda ut forslaget rundt 1.juni og la høyringsperioden strekkja seg til 15. september.

Høyringsforslaget vil også bli lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen. Høyringsforslaget vil ha ei enkel utforming fordi det kan bli gjort endringar etter høyringsperioden. Det vil bli laga ein kort rapport frå høyringa når perioden er over.

Det vil ikkje bli invitert til eksterne informasjonsmøte i høyringsperioden. Dersom det er trong for det, vil samrådsgruppa bli samankalt for å drøfte vesentlege endringar i strategiforslaget i september. Etter

høyingsperioden vil strategien bli bearbeidd og fremja for endeleg vedtak gjennom alle fagutvala og fylkesutvalet til fylkestinget i desember.

Etter at fylkestinget har vedtatt strategien vil det bli lagt opp til høveleg informasjon om innhaldet. Dette vil bli nærmere omtalt i sak om vedtak av strategien.

## **6. Fylkesrådmannens tilråding**

Fylkesrådmannen meiner forslag til regional planstrategi har vore utarbeidd i ein god prosess med omfattande medverknad eksternt og internt. Utfordringane som har kome fram i prosessen er svært relevante for den aktuelle situasjonen. Mål og strategiar adresserer utfordringane på ein tenleg måte. Forslag til strategiar og planoppgåver er nøkterne og godt grunngjeve.

Fylkesrådmannen tilrår at høyingsforslaget til regional planstrategi blir vedtatt. Høyingsperioden blir tilrådd frå 1.juni til 15.september. Fylkesrådmanne vil koma attende til meir omtale av informasjonstiltak og oppfølging når saka kjem fram til endeleg vedtak i desember.

Fylkesrådmannen vil også arbeida med å utvikle fylkeskommunen sin strategiske funksjon som samfunnsutviklar både gjennom intern verksemestrategi og regional planstrategi. Desse to strategiprosessane skal samordnast og koordinerast vidare. Fylkesrådmannen vil også vidareutvikla dei strategiske planfunksjonane i fylkeskommunen slik at planregimet i større grad er eigna til å gje både fylkeskommunen og fylket ein retning som tener heile Hordalandssamfunnet.